



Robert Smith-Hald med band i Dønhaugkjedlaren på fredag.

Fyrstkomande fredag, 26. oktober, blir det gjenhøyr med Robert Smith-Hald i Dønhaugkjedlaren, denne gongen med fullt band. Det vert konsert, førslepp av ny singel og smaksprøve på øl frå Lysefjorden Mikrobryggeri, bryggja på oppskrift inspirert av singel-låten «Red Hot Mamma».


Robert har vitja Dønhaugkjedlaren fleire gonger, i tillegg har han også delteke på Festidalen sine arrangement, og skulle såleis vera godt kjend for musikkinteresserte i Kvinnherad. Han vart landskjend då han deltok i norske talentar 2009, der han gjekk til semifinalen.

Han har gitt ut tre album, Innocence Said 2009, Thou Mayest 2012 og Listen 2014, alle med høge terningkast av musikkmeldarane.

Med seg i bandet har han Vegard Henanger, gitar/strenginstrument, Paul Ellingsen bass og Anders Christian Jacobsen på trommer.

Tekst/foto: Pressemelding

Nett: Kristian Bringedal



Fiona som er inspirasjonen bak songen og ølet.